

«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 11.12.2014  
Vår ref.: 2014/24367-1  
Saksbehandlar: hanespe  
Dykkar ref.: «REF»

## Samarbeid med Helse Bergen om tilrettelegging av fysisk aktivitet for personar innan psykisk helsevern i Hordaland

Gjennom visjonen *Aktiv kvar dag* og målet om å leggje til rette for fysisk aktivitet for folk i Hordaland, har Hordaland fylkeskommune ønskje om å vidareføre samarbeidet med Helse Bergen m.o.t fysisk aktivitet innan psykisk helsevern. Hordaland fylkeskommune har ansvar for å leggje til rette for at folk skal kunne vere fysisk aktive i kvardagen. Dette ansvaret heng saman med aktiv deltaking frå samarbeidspartnarar lokalt, regionalt og nasjonalt.

### Forankring i regionalt planverk

Regional kulturplan 2015 - 2025 – gjev føringar på det regionale idretts- og friluftslivspolitiske arbeidet. Aktivitets- og anleggsutvikling er sentralt i planen, og tilrettelegging av fysisk aktivitet for personar innan psykisk helsevern vert skildra.

Regional plan for folkehelsearbeidet i Hordaland 2014 - 2025 vart vedteken våren 2014. Det regionale folkehelsearbeidet er knytt tett til det arbeidet som vert gjort for personar innan psykisk helsevern. Det er meldt om ny stortingsmelding som skal kome våren 2015, der psykiatrien vert løfta som eit nasjonalt satsingsområde i folkehelsearbeidet. Dette tek vi med oss i det vidare arbeidet, og ønskjer å ta høgde for dei føringane som måtte kome.

Hordaland fylkeskommune har som mål å utvikle samarbeid mellom offentlege og private aktørar som har ansvar for psykisk helse, fysisk aktivitet og fysisk tilrettelegging. I tillegg er det viktig å samarbeide med alle kommunar i Hordaland i tida framover. Dei aktivitetsarrangement der Hordaland fylkeskommune tidlegare har vore ”ute i felten”, vert overført til kommunar, lag og organisasjonar. Hordaland fylkeskommune er framleis med i planlegginga og støtter arrangementa økonomisk, men det er kommunar, lag og foreiningar som er praktisk gjennomførar.

### Aktivitet i 2014

Kort oppsummering av regionale tiltak innan psykisk helsevern 2014

**Aktivitetsdagane på Kvamskogen** vart gjennomført i Furudalen skisenter. I løpet av dei tre dagane vinterarrangementet vart arrangert, var det om lag 100 deltakarar med. Langrenn, alpint, snowboard, aking, rebusløp og hinderløype var hovudaktivitetar. I tråd med partnerskapsarbeidet for folkehelse, var det brukarar frå Amalie Skrams Hus som praktisk gjennomførte arrangementet. Vi jobbar med å finne gode samarbeidspartar som kan ta over den praktiske gjennomføringa av dette arrangementet.

**Vinterfestivalen i Myrkdalen på Voss** vart gjennomført for første gong i april 2012. Arrangementet i år hadde om lag 45 deltakarar. Hordaland fylkeskommune var organisatorisk ansvarleg og hovudarrangør, i godt samarbeid med Amalie Skrams hus, Voss jordbruksskule og Voss kommune. Vi er i dialog med Voss kommune om eventuell vidareføring av Vinterfestivalen.

### **Camp Herdla**

Dette arrangementet var nytt i 2013. Eit aktivitetsarrangement med låg terskel både økonomisk og elles. Ein kunne overnatte eller kome på dagsbesøk og plukke og mikse av aktivitetar og innhald. Askøy kommune har teke godt grep om dette arrangementet og fått eigarskap til det på tvers av avdelingane i kommunen. Den veka arrangementet er gjennomført flyttar heile psykiatrien ut på Herdla, folkehelsekoordinator er med i arrangørgruppa og rådgjevar for idrett og nærmiljø frå Kulturavdelinga. I 2014 var det eit breitt samansett program og auka deltakartal frå året før. Vi ønskjer å fokusere litt meir på at det skal kome endå fleire deltakarar frå kommunane i heile fylke. Askøy kommune er positiv til å gjere dette til eit årleg regionalt arrangement.

### **Ufordringar framover**

I 2014 har Hordaland fylkeskommune vidareutvikla det arbeidet som har vore gjort innan psykisk helsevern dei siste åra. Det har vore jobba målretta med å inkludere dei unge innan psykisk helsevern, noko som også vil vere i fokus framover. Samstundes er det naudsynt å arbeide med tilrettelegging av fysisk aktivitet for dei som har vore lenge innan psykisk helsevern. Arrangement skal fundamentarast lokalt og regionalt i tråd med partnerskapsarbeidet for folkehelse, gjennom at relevante lokale og regionale samarbeidspartnarar skal få ei meir aktiv rolle i arbeidet. For 2015 ønskjer vi å fokusere meir på samarbeid på tvers av avdelingar i kommunane og internt i fylkeskommunen for å forankre dette arbeidet meir lokalt. Vi ønskjer å ta ei rolle med meir fokus på koordinering av kompetanse og utvikling av gode samarbeidsmodellar, gjerne interkommunale og tett knytt mot frivillige organisasjonar.

### **Dialogkonferanse og vitjingar i kommunane i Hordaland**

Hordaland fylkeskommune arrangerer kvart år ein dialogkonferanse der alle kommunar i Hordaland er invitert. Tema på disse konferansane er alle oppgåver som ligg til utvikling av fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Dialogkonferansen i 2014 vart arrangert i Kvinnherad kommune og vidareutvikling av fylkeskommunen sitt arbeid med tilrettelegging av fysisk aktivitet var eitt av tema.

Folkehelsekoordinatorane i partnerskapskommunane i Hordaland har dei seinare åra delteke på fleire av desse konferansane, og planlegginga for 2015 er igang. I tillegg til ulike konferansar og seminar, gjennomfører Hordaland fylkeskommune ved seksjon for idrett og friluftsliv kommunebesøk i heile Hordaland. Under desse vitjingane er det naturleg å diskutere med kommunane kva tilbod om fysisk aktivitet dei gjev til personar med psykiske lidingar. Det vert diskutert status i arbeidet og kva som må til for å vidareutvikle dette.

### **Samarbeid med Helse Bergen**

Hordaland fylkeskommune er glad for at Helse Bergen ser nytten i det arbeidet vi gjer og ser fram til eit vidare samarbeid. Vi viser til avtale om eit årleg tilskot på kr 100.000 til arrangement innan psykisk helsevern og ber om at tilskotet vert overført til Hordaland fylkeskommune v/fylkeskasseraren, postboks 7900, 5020 Bergen, kontonr.: 5201.06.74239. Overføringa må merkast 10.400.420.01.18100.

For meir informasjon – ta kontakt med Hanne Espe tlf: 55239178 eller [hanne.espe@hfk.no](mailto:hanne.espe@hfk.no)

God jul og eit aktivt nytt år.

Britt Karen Spjeld  
Leiar

Hanne Espe  
Rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*